

Sakshandsamar:

Øystein Hunvik
E-post: Oystein.Hunvik@sfj.no
Tlf.: 47700466

Vår ref.

Sak nr.: 15/8289-39
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

8147/16

Dykkar ref.**Møtereferat****Referent:** Øystein Hunvik**Dato**

LEIKANGER, 03.03.2016

Storehagen Atrium, Førde 23. februar 2016 kl. 13.30 – 14.30

Deltakarar:

Askvoll kommune: Ordførar Frida Melvær og Rådmann Håkon Loftheim
Sogn og Fjordane fylkeskommune: Rådgjever Frode Romarheim og seniorrådgjever Øystein Hunvik

Drøftingsmøte rutetilbod Alden

Bakgrunn:

I samband med innsparingstiltak fram mot 2019 har hovudutval for samferdsle krav på seg til å spare 55 millionar kroner årleg frå 2019. I HS sak 17/15 laga HS ei prioriteringsliste der eit av tiltaka er: *Redusere rutetilbodet til minimumsnivået definert i fylkestingsak 11/10 på stader med svært få fastbuande. Redusere/ta vekk rutetilbod slik at det er tilpassa tal innbyggjarar langs ruta og reiseaktivitet.*

I HS sak 38/15 reduserte HS rutetilbodet frå 2 til 1 tur/retur pr. veke for dei to innbyggjarane på Alden. Innbyggjarane på Alden klaga på avgjerda og det vart difor laga sak til HS 9. februar der tilrådinga var å avvise klagen.

HS gjorde dette vedtaket: *Saka vert utsett til det er gjennomført dialogmøte med Askvoll kommune.*

Dialogmøte:

Askvoll kommune har fått tilbakemelding frå dei på Alden at det blir svært vanskelig for dei å bu på Alden med berre 1 tur/retur pr. veke. Målet med dialogmøtet er å få til eit noko betre tilbod enn den eine turen for veka.

I sonderingar i forkant av møtet var det komme fram at fleksibilitet både i forhold til reisedag og tidspunkt er svært viktig for dei to innbyggjarane på Alden. Det blir sett veldig pris på at båtføraren som utfører transporten er svært fleksibel.

Administrasjonen i fylkeskommunen er bunden av FT sak 11/10 om fylkeskommunalt minstetilbod med båt. Ordninga med fylkeskommunalt minstetilbod vart etablert for å likebehandle innbyggjarane rundt omkring i fylket – om du bur i Vågsøy eller Askvoll skal du få det same tilbodet. Administrasjon har difor ikkje høve til å gi eit betre rutetilbod til dei på Alden enn 1 tur/retur pr. veke.

For kvar tur fylkeskommunen avbestiller må dei faste kostnadane med desse turane framleis betalast. Dersom Askvoll kommune ønskjer å kjøpe ekstraturar kan fylkeskommunen framleis betale dei faste utgiftene.

Formannskapet i Askvoll hadde gitt ordførar/rådmann mandat til å drøfte tiltak innanfor ei kostnadsramme på 100.000 kroner.

Med ein nettokostnad pr. tur på om lag 2.500 kroner vil Askvoll kommune kunne kjøpe 40 turar i tillegg til dei 100 turane som ligg i det fylkeskommunale minstetilbodet. Fylkeskommunen sin kostnad til dei faste utgiftene vil vere om lag 20.000 kroner.

Administrasjonen hadde i forkant av drøftingane avklart med Fjord1 at det er mulig med fleksibilitet også i framtida utan faste dagar, bestilling i god tid (minimum 24 timar) og ei opningstid omtrent som i dag (07.30 – 17.00).

Askvoll kommune har behov for å ta saka opp som sak i kommunestyret. Når saka eg handsama der får fylkeskommunen tilbakemelding på kva rutetilbud vi skal bestille.

Mottakar (ar)

Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL